



# Kommunedelplan for stiar - og løyper 2017 - 2027

Plan og miljøutvalet 22.11.2017

Kommunestyret 18.01.2018

# Innhold

---

1	BAKGRUNN OG FØREMÅL MED PLANEN OG PLANARBEIDET .....	4
1.1	Bakgrunn.....	4
1.2	Føremål og målsetting.....	4
1.3	Planavgrensing.....	4
2	INNHALD OG VERKNAD AV PLANEN .....	5
2.1	Innhald i planen.....	5
2.2	Verknad av planen.....	5
3	PLANPROSESSEN .....	5
3.1	Planprogram og framdrift.....	5
3.2	Medverknad .....	6
3.3	Innspel og handsaming av desse .....	6
3.4	Plandokumenta .....	6
3.5	Sentral bakgrunnsinformasjon .....	6
4	TILHØVE TIL ANDRE PLANAR OG RETNINGSLINER .....	7
4.1	Overordna planar og føringar.....	7
4.1.1	Nasjonale føringar .....	7
4.1.3	Viktige kjelder.....	7
4	FØRINGAR I PLANEN .....	8
5.1	Landbruk og beite .....	8
5.2	Villrein.....	10
5.3	Natur og miljø .....	12
5.4	Kulturminne og kulturlandskap .....	13
5.5	Helsefremjing.....	14
5.6	Universell utforming .....	15
5.7	Friluftsliv og ålmenn ferdsle .....	16
5.8	Forholdet til løpenett for fritidskøyring med snøskuter .....	17
5.9	Næring og reiseliv .....	18
5.10	Avtaler .....	18
5.10.1	Grunneigaravtaler .....	18
5.10.2	Utbyggingsavtaler.....	19
6	RUTINAR/PRINSIPP .....	19
7	LØYPETYPER , VIKTIG INFRASTRUKTUR OG VEDLIKEHALD .....	20
7.1	Sti og løypeptypar .....	20
7.1.1	God planlegging.....	20
7.2	Store skiløyper .....	21

7.3	Løyper til spesielle arrangement vinter.....	21
7.4	Hundekøyringsløyper .....	21
7.5	Vinterleikområder .....	22
7.6	Stiar.....	22
7.8	Turmål .....	22
7.9	Sykkelruter.....	23
7.10	Riding og køyring med hest .....	24
7.11	Viktig infrastruktur.....	25
7.11.1	Trafikksikre løysingar.....	25
7.11.2	Gode parkeringstilhøve .....	25
7.11.3	Søppelhandtering og toalett.....	25
7.12	Vedlikehald .....	25
8	BRUK OG RULLERING AV RULLERING AV PLANEN .....	26
9	VEDTAK I KOMMUNESTYRET 18.01.18, SAK 18/2 .....	26
10	TILTAK VEDTEKE I KOMMUNESTYRET 18.01.18, SAK 18/2 .....	26

# 1 BAKGRUNN OG FØREMÅL MED PLANEN OG PLANARBEIDET

---

## 1.1 Bakgrunn

I kommunestyrets vedtak om kommunal planstrategi, vart kommunedelplan for stiar og løyper prioritert. Ein har ikkje tidlegare hatt eit samla oversyn over gjeldande stiar og løyper innanfor Vinje kommune sine grenser.

## 1.2 Føremål og målsetting

Sterk vekst i utbygging av fritidseiningar aukar presset på løypenettet og løypenettet er ein viktig del av infrastrukturen og tilbodet.

Eit velutvikla løypenett gir gode naturopplevelingar og er helsefremmande for fastbuande og tilreisande.

Som Noregs største villreinkommune, skal vi arbeide for å oppretthalde og å utvikle eit attraktivt løypenett, men som balanserast mot miljøomsyn og dei viktige leveområda for villrein.

Eit godt utbygd løypenett vil forhindre mykje av trafikken utanfor løyper og inn i sårbare område. Dette skal vi få til ved å kanalisere ferdsel når nye trasear skal planleggjast og dermed styre trafikken vekk frå viktige område for villreinen.

Naturen skal forvaltast med respekt, og betre løysingar for drift og rydding av løypenett skal bidra til fornuftig bruk og mindre forsøpling. Dette krev systematisk oppfølging og ansvar for oppgåvane må visast.

Det overordna målet er soleis å skjerme det som er sårbart og arbeide positiv med det som skal leggjast til rette.

Med denne planen ynskjer kommunen at friviljuge lag og organisasjonar eller einskildpersonar i store grad tek initiativ til etablering av ny trasear. Kommunens bidrag til sti, sykkel og løypeinfrastruktur vil vere å gjøre faglege vurderingar av innspel og bistå med å søkje midlar til standard merking.

## 1.3 Planavgrensing

Kommunedelplan for stiar og løyper gjeld for heile Vinje kommune. For å vise samanhengen i løypenettet, er Den norske Turistforenings (DNT) løypenett på Hardangervidda og heiområda i sør teke med.

Løypene som er heimla i motorferdselsplanen er ikkje eit tema i planen, men vil vere ein referanse i planarbeidet.

## 2 INNHALD OG VERKNAD AV PLANEN

---

### 2.1 Innhold i planen

Planen er utarbeidd som ein tematisk kommunedelplan etter plan- og bygningslova kapittel 11.

Dette er utarbeidd planomtale og temakart med tilhøyrande retningslinjer. Planarbeidet er vurdert etter bestemmelsane om konsekvensutgreiing. Det er konkludert med at planen ikkje er omfatta av kravet til konsekvensutgreiing, jf. plan- og bygningsloven § 4-2 og forskrift om konsekvensutgreiingar.

Sentrale tema er likevel omtala og vurdert som ein del av planomtala, jf. plan-programmets kapittel 4.

For at samanhengen til andre aktuelle planar skal bli best mogeleg, visar vi til dei kommunale planane som er mest relevante og har samanheng med denne planen.

### 2.2 Verknad av planen

Ved tilrettelegging av nye stiar, skiløyper og sykkeleruter skal føringane i Sti –og løypeplanen leggast til grunn.

Dersom det blir lagt opp til at nye trasear blir avklart i planarbeidet, vil det vere ønskeleg at desse kan opparbeidast direkteetter kommunedelplanen utan ytterlegare plankrav. Dette føreset at opparbeidingsgrad/ standard og plassering går klart fram av plan og retningslinjer. Der opparbeiding krev terrengeinngrep, må tiltaket avklarast etter kulturminnelova før det blir gitt byggeløyve.

Kommunedelplanen med retningslinjer skal fungere som styringsdokument for grunneigaravtalar og reguleringsplanar/ detaljplanlegging. Ved rullering av kommuneplanens arealdel og andre kommunedelplanar og reguleringsplanar skal føringane i Sti –og løypeplanen leggast til grunn.

## 3 PLANPROSESSEN

---

### 3.1 Planprogram og framdrift

I kommunestyret sitt vedtak om kommunal planstrategi, vart kommunedelplan for stiar og løyper prioritert opp, med oppstart i 2013. Som oppfølging av dette vedtaket, la administrasjonen fram sak om oppstart av planarbeidet med planprogram. Planprogrammet blei vedteke i KS-sak 13.03.14.

Denne planen har m.a. venta på at Beitebruksplanen skulle bli ferdig. I tillegg har langtids sjukdom og kapasitetsproblem i administrasjonen, gjort at arbeidet sterkt forsinka og framdriftsplanen for planarbeidet har både blitt endra og justert underveis.

### **3.2 Medverknad**

Planprogrammet har vore ute på høyring og innspel er vurdert i samnband med arbeidet.

Det har vore kontakt med ein skildpersonar undervegs i prosessen.

Planen er drøfte med Landbruksrådet undervegs og i møte med Villreinnemnda for Setesdalsområdet. Det er informert om planen i Raulad Hyttevelforeining.

Planen –dette dokumentet –, med henvising til kart over løypenettet og forslag til Avtale om bruk av utmark i Vinje kommune, har vore ute på høyring til dei det gjeld: sendt spesielt til grunneigarar der det er planlagt tiltak, grunneigarlag og interesseorganisasjonar, fylkesmann, fylkeskommune og villreinnemnder, samt annonserat på heimesida.

Innspela med vurdering, følgjer saka i den vidare sakshandsaminga.

### **3.3 Innspel og handsaming av desse**

Det kom inn mange innspel om nye trasear på høyringa. Mangel på retningsliner og avtaler har gjort at innspela ikkje blir handsama før etter at plan med retningsliner og avtaler er vedteke.

### **3.4 Plandokumenta**

Denne kommunedelplanen består av følgjande delar:

- Planomtale (dette dokumentet)
- Retningsliner (eige dokument)
- Avtale om bruk av utmark i Vinje kommune (eige dokument)
- Innspel (eige dokument)
- Kart - lenke til stier stiar og løyper

### **3.5 Sentral bakgrunnsinformasjon**

**Hardangervidda - temakart villrein (2009)**

- Leveområde
- Kalvingsområde
- Vinterbeite
- Sommarbeite

**Setesdal Vesthei –Ryfylkeheiane og Setesdal Austhei**

- Leveområde

## 4 TILHØVE TIL ANDRE PLANAR OG RETNINGSLINER

---

### 4.1 Overordna planar og føringar

#### 4.1.1 Nasjonale føringar

- Plan- og bygningslova
- Naturmangfoldlova
- Diskriminerings- og tilgjengeleghetslova
- Lov om kulturminner
- Lov om friluftslivet
- Forskrift om vern for Hardangervidda nasjonalpark
- Landskapsverneområde med tilhøyrande forskrifter
- Fuglefredningsområde med tilhøyrande forskrifter
- Prestheia og Sandviki naturreservat med tilhøyrande forskrifter
- Øvrige verneforskrifter
- Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging

#### 4.1.2 Regionale og kommunale føringar og samanhengar

- Regional plan for Hardangervidda 2011-2025
- Regionalplan for Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane og Setesdal Austhei – "Heiplanen"
- Regional strategi for folkehelse i Telemark 2012-2016
- Regional plan for reiseliv og opplevelingar 2011-2024
- Plan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv for Vinje kommune 2014-2017
- Landbruksplan 2015-2019
- Kommuneplanens arealdel og kommunedelplanar i Vinje
- Forskrift for løpenett fritidskjøring med snøskuter
- Kommuneplanens samfunnssdel 2016 -2035
- Kartlegging av viktige friluftsområde i Vinje kommune
- Beitebruksplan for Vinje –under arbeid –ferdig 2017
- Næringsplan for Vinje kommune –under arbeid –ferdig 2016
- Kulturminneplan for Vinje kommune - under arbeid – ferdig 2018

#### 4.1.3 Viktige kjelder

Ved utarbeiding av planen vurderer ein følgjande kjelder å være særleg viktige:

- Artsdatabanken
- Skog og landskap
- Nøkkeltiotopregistreringar
- Askeladden (kulturminne)
- Skrednett (NVE)

## 4 FØRINGAR I PLANEN

Frå kommuneplanens samfunnsdel:

Me stimulerer til deltaking i frivillig arbeid til gjensidig glede og meinig for alle partar.

Me stimulerer til samarbeid mellom kommune, næringsliv og frivillige organisasjonar som fører til auka engasjement.

### Kommuneplanen – arealdelen 2011-2023. Vedteke 1.9.2011

Frå planen:

Gjennom kommuneplanen sin arealdel er truleg all utmarksbeite omfatta av føresegner for landbruk,- natur, og friluftsområde (LNF). Omsyn til landbruk skal prioriterast. Arealdelen gjev igjen føringar for utbygging og reguleringar i høve til beiteinteressar i til dømes områder med beiteinteresser, verken gjennom kommundelplanar eller reguleringsplanar. Område omfatta av kommundelplan Vågslid og Rukkemo-Torvetjønn er spesielt avsett til konsentrert utbygging i samband med satsing på reiseliv i Vinje.

### Næringsplan for Vinje kommune 2017-2021. Vedteke 06.04.2017

Frå planen:

Landbruk er i saman med reiseliv sett på som eit hovudsatsingsområde i Vinje: *Sjølv om det er eigenverdien i landbruksnæringa som er det viktigaste, er næringa og viktig for korleis Vinje som område står fram for innbyggjarar, tilreisande og andre næringar. Til dømes understrekar representantane for turisme/reiseliv eintydig verdien av eit aktivt og levande landbruk for reiselivsnæringa. Landbruket er avgjerande for at Vinje skal oppretthalde eit bra omdømme.* I denne samanhengen er beitedyr viktig. Mykje av landbruksplanen er integrert i næringsplanen

#### 5.1 Landbruk og beite

Frå kommuneplanens samfunnsdel i 2035:

Verdiskapinga i og i nærleiken av verneområda er auka.

Me har eit sterkare landbruk med allsidig produksjon, der beitedyr er med og sikrar kulturlandskapet.



Foto: Nils Ole Lien

**Landbruksplan for Vinje kommune 2015-2019** vedteke 17.12.2015, har som hovudmål å auka lønsemd, produksjon, auka tal bruk i drift, betre rekruttering og busetjing i det tradisjonelle landbruket. Auke etableringsaktiviteten for tilleggsnæringer. Eit delmål er å *Ta vare på kulturlandskapet i Vinje ved å sikre og utvikle beiteressursane.*


Sti- og løypeplanen har som mål å taka omsyn til både landbruksnæring og reiseliv.

**Beitebruksplan for Vinje kommune** vedteke 31.1.2017, har som formål å

- synleggjere trøngen for beitebruk
- sikre bruken av beite interesser
- skape forståing for beitenæringa hos politikarar og forvaltning
- synleggjere felles interesser og konfliktar
- legge til rette for framtidig hausting

Definisjon av omgrepene beite i beitebruksplanen vil i all hovudsak gjelde husdyr på utmarksbeite i fjell og skog, og som har hovuddelen av det daglege grovförinntaket derfrå. Med dette som utgangspunkt vil viktige beiteinteressene ha første prioritet og skal takast omsyn til ved planlegging nye trasear.

Under er oversikt over beiter og beitelag. Dette visar beitekvaliteten i dei ulike områda.



## 5.2 Villrein

Frå kommuneplanens samfunnsdel:

Utmarksforvaltinga er kunnskapsbasert.

Me sikrar levedyktige villreinstammar.

Vinje er Noregs største villreinkommune og eit viktig leveområde for Europas sørlegaste villreinstamme. Noreg har teke på seg eit internasjonalt ansvar for å ta vare på og forvalte denne stamma. Villreinens leveområde blir ivaretakke gjennom Regionale plan for Hardangervidda og Heiplanen for Setesdal Vesthei, Austhei og Ryfylkeheiane.



Kommunen ynskjer å bidra til å oppretthalde leveområda for villreinen, men nokre gonger opplever ein konfliktar mellom omsynet til villreinen og utvikling av attraktive og viktige produkt for reiselivsnæringa.

Med denne planen legg ein opp til løysingar der ein tek omsyn til både villrein og reiseliv. Tilgjengeleg informasjon om leveområda og trekkvegar for villreinen er samanstilt i eit eige temakart (Norsk villreinsenter Sør). Kart er visa med lenker under Sentral bakgrunnsinformasjon på s.6. Villreinnemnda for Setesdalsområdet presiserte viktigheita av å halde trekka mellom Heiplanen og Regional plan for Hardangervidda ope.

Eit godt utbygd løpenett vil forhindre mykje av trafikken utanfor løyper og inn i alle sårbare område. Dette skal vi få til ved å kanalisere ferdsel, og med bruk av retningsliner. Det skal vere område der det ikkje skal vere tilrettelagte trasear av omsyn til villreinen.

I denne planen visas eksisterande løyper slik dei er i dag. Ved oppretting av nye løyper, vil omsynet til villreinen vere eit viktig tema , slik at ein kanaliserer ferdsel vekk frå dei mest sårbare områda. Det er ikkje ynskjeleg å etablere nye trasear inn mot eller i villreinens leveområde.

Løyper i sårbare område vil kunne bli stengt når det er villrein/simler og eller fostringsflokkar i eit området. For å skape forståing for at omsynet til villreinen er viktig med god informasjon. Dette skal skje i samarbeid med SNO.

### 5.2.1 Adaptiv forvaltning

Vinje kommune skal i størst mogleg grad unngå løyper inn i villreinens leveområde. I arbeidet med dei regionale planane var omgrepet «adaptiv forvaltnig» (AF) drøfta inngåande. AF betyr så mykje –omgrepet har levd sitt eige liv og har blitt diskutert, tolka og tillagt ulike meningar og kan difor bety mykje forskjellig avhengig av kven som brukar det

om kva. Det finnes få om nokre gode eksempl på at AF har blitt implementert, gjennomført og at ein har fått det eksperimentelle designet som ein faktisk ønska seg.

Regionale planer for villreinområda er eigentleg eit eksperiment der ein må nytte høve til å lære om kva det har å seie og utfordringane med oppskalering tillandskapsnivået. Adaptiv forvaltning, og forståinga av fjellet som eit dynamisk sosio-økologisk landskap, har eit stort potensial i denne sammenheng.

Grunnprinsippet for målstyrt forvaltning er at dette er ein aktiv arbeidsform som etterprøver verknaden av beslutningar og tiltak (adaptiv forvalting). Det er ein føresetnad at eit tiltak er reverserbart og at det er ei grunnleggjande og kjent aksept for at prosessen må kunne reverseras dersom ein ikkje når vedtaken mål. Vinje kommune har difor ein «føre var» - halding knytt til etablering av løyper inn i villreinens leveområde. Bykle kommune har stort press på vidareutvikle Hovden som vinterdestinasjon. Kommunen har etablert eit 3-årig prosjekt der ei skal prøve ut modell der ein kører visse løyper «når det passar villreinen». Vinje vil følgje prosjektet for å sjå om det gjev gjennomførbare moglegheiter i våre område.

### 5.3 Natur og miljø

Frå kommuneplanens samfunnsdel i 2035:

Vinje er ein leiande turistkommune som brukar naturressursane og kulturarven til å auke verdiskapinga innan reiseliv og besøksnæring.

Naturen er ei kjelde til flotte naturopplevelingar og betre helse for fastbuande og tilreisande. Desse opplevelingane kan bli alle til del, så lenge ein samstundes kjenner ansvaret for å taka vare på naturen for dei som kjem etter oss.

Vinje kommune vil legge til rette for positiv utnytting av ressursane i natur- og verneområde. Samstundes som ein vil legge til rette for bruk av naturområda, må ein vere bevisst på at bruken kan føre med seg problem som slitasje og forsøpling. Vi skal ha fokus på skånsam tilrettelegging og kanalisering av ferdsel.

## Tilrettelegging for ferdsel til Falkeriset



Foto: Guro Lien

Kommunen skal stille krav til god organisering av tiltak for drift, vedlikehald og rydding i samband med løyvingar til løypenettet.

### 5.4 Kulturminne og kulturlandskap

Frå kommuneplanens samfunnsdel i 2035:

Vinje er ein leiande turistkommune som brukar naturressursane og kulturarven til å auke verdiskapinga innan reiseliv og besøksnæring.

Det har vore folk i Vinje i kring 10 000 år – samanhengande eller meir til og frå. Dette er eit nærast ufatteleg tidsperspektiv – kva femner ikkje dette av mangfald, skifte, einskildlagnader og historier?

Oftast ser ein førhistoria delt inn i bolkane stein-, bronse- og jernalder. Ikkje i alle samanhengar er dette like høveleg. I fjellkommunen Vinje – dominert av spor etter reinsfangst og jernvinne – er andre skilje vel så godt eigna. Vidare har ei mengd nye funn og

ikkje minst nye metodar for tidfesting, peika mot andre vesentlege skiljelinjer enn dei mellom råstoffskifta stein-bronse-jern.

Når kulturminneplanen er ferdig må tiltak implementerast i Sti –og løypeplanen.



Steinalderlokalitet på Storesanden ved Viksvatn (Foto: Mikkelsen 1989).

Kulturminneplan for Vinje er under arbeid og eit av hovudmåla er at Vinje skal identifiserast med kultur, natur og tradisjon. Det skal vi gjere gjennom å syte for at fornminne og kulturminne er registrerte og tilgjengelege.

Mange av fornminna er kartlagt, og ved opparbeiding av nye trasear som treng terrengeinngrep skal ein unngå konfliktar med m.a. automatisk freda kulturminne. Når ei startar opp arbeidd med reguleringsplanar og ved opparbeiding av trasé, utover rydding av vegetasjon, skal kulturminneavdelinga i Telemark fylkeskommune vurdere behov for kartlegging/ registrering av eventuelle kulturminne.

Vinje kommune er oppteke av å ivaretaka kulturlandskap. Det er i denne planen ikkje lagt opp til inngrep som vil gjere skade på kulturmiljø. Ein meiner løypekøyring kan tillatast i slike område, men ein må sikre at slik ferdsel ikkje gjer skade på innmark.

## 5.5 Helsefremjing

Frå Kommuneplanens samfunnsdel:

Me gjer det gode kultur-, idretts- og fritidstilbodet tilgjengeleg for alle .

«*Plan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv 2014 – 2017*» er tillagt eit større folkehelseperspektiv og legg meir vekt på eigenverdi og nytteverdi, knytt til det å vere generelt fysisk aktiv. Hovudmålet er å på best mogleg måte *legge til rette for* og *stimulere* til

fysisk aktivitet for innbyggjarane. Planen tek omsyn til idrett, friluftsliv og uorganisert aktivitet for alle aldersgrupper.



Foto: Mats Grimsæth

Godt tilrettelagte ski-, sykkel- og turløyper vil bygge opp under eit slikt fokus. Varierte løyper med ulik lengde og vanskegrad er viktig med tanke på å oppretthalde interessa for å bruke løypenetet, samt gjere det tilgjengelig for ulike brukargrupper.

## 5.6 Universell utforming

Frå kommuneplanens samfunnsdel:

Me gjer naturopplevingar tilgjengelege for alle, også dei med nedsett funksjonsevne, ved å leggje til rette for god tilgang til eit variert friluftsliv i nærområda til lokalsentera.

I Vinje bur det folk både i tettstadene og i grasdene, i tillegg har vi alle som i periodar bur i hytteområda. Alle har tilgang til turstiar i sitt nærmiljø.

Det er i midlertid ei stor utfordring er å leggje til rette for inkludert menneske med nedsett funksjonsevne når kommunen har så stort areal, så spreidd busetting og så mykje utfordrande natur.

Det er i all hovudsak gang –og sykkelvegar som kan nyttast av menneske med nedsett funksjonsevne, men vi har svært få område der ein kan koma inni naturen.

I Vågslid er delar av Vasseventyret ved Arbuollen tilgjengeleg. I Åmot er tilgjenge til Ormetjønn teke med i reguleringsplanarbeidet. På Rauland skal det stå klar universellt utforma turveg neste haust.

Det er ein føresetnad at ein i all planlegging, og særleg ved etablering av nye tiltak i utfartsområde, vurderar og så lang råd og tilrettelegg for desse brukargruppene.

### Døme på tilrettelegging




Foto: Dorthe Huitfeldt

## 5.7 Friluftsliv og ålmenn ferdslle

### Frå kommuneplanen samfunnsdel:

Me sikrar og legg til rette for stiar, løyper og tilkomst til viktige friluftsområde gjennom samarbeid med grunneigarar og organisasjonar.

Allemandsretten, som gjev rett til fri ferdsel og opphold i naturen, er ein historisk rett som er heimla i friluftslova (Lov av 28.06.1957 om friluftslivet med tilføyinger). Denne retten er knytt til type område, og ikkje til eigedoms- eller planmessig status.

*«I utmark kan enhver ferdes til fots hele året, når det skjer hensynsfullt og med tilbørlig varsomhet. Det samme gjelder ferdsel med ride- eller kløvhest, kjelke, tråsykkel eller liknende på veg eller sti i utmark og over alt i utmark på fjellet, såfremt ikke kommunen med samtykke av eieren eller brukeren har forbudt slik ferdsel på nærmere angitte strekninger. Kommunens vedtak må stadfestes av fylkesmannen».*

Retten er ein del av kulturarven vår, eit gratis fellesgode og eit viktig grunnlag for eit aktivt friluftsliv. Lova gjev tilgjenge til å halde i hevd gamle stiar og ferdsselsårer for ålmenta sin ferdsel til fots, på ski og elles.

Føremålet med friluftslova er mellom anna å avklare tilhøvet mellom friluftsbruk og grunneigar sin disposisjonsrett over eigen grunn, og lova skal ta omsyn til begge delar.

Allemannsretten har føresegner som tek sikte på å regulere bruk på ein slik måte at ingen blir skadelidande.

«§ 11.(Ferdselskultur og eierens bortvisingsrett.)

*Enhver som ferdes eller oppholder seg på annen manns grunn eller på sjøen utenfor, skal opptrer hensynsfullt og varsomt for ikke å volde skade eller ulempe for eier, bruker eller andre, eller påføre miljøet skade. Han plikter å se etter at han ikke etterlater seg stedet i en tilstand som kan virke skjemmende eller føre til skade eller ulempe for noen.*

*Grunnens eier eller bruker har rett til å vise bort folk som opptrer hensynsløst eller ved utilbørlig atferd utsetter eiendommen eller berettigete interesser for skade eller ulempe.»*

Eit klart utgangspunkt for lova er at dei rettane loven nemner er gratis, og at ingen kan krevje betaling for retten til ferdsel, opphold og hausting av ber og sopp. I kvart enkelt tilfelle må det vurderast om den faktiske bruken er i tråd med friluftslova. Til dømes går ikkje motorisert ferdsel i utmark under allemannsretten, men er regulert gjennom ei eiga lov (Lov om motorferdsel i utmark og vassdrag av 10.juni 1977 nr 82, § 10).

## 5.8 Forholdet til løypenet til fritidskjøring med snøskuter



Kommunestyret vedtok 10.03.2016, ny forskrift med kart for løypenet til fritidskjøring – det røde løypenet - som er planlagt i samsvar med den nye motorferdselslova som blei vedteken i mai.

Som hovudprinsipp er det det same løypenet til fritidskjøring som fra prøveperioden, men nokre løyper er lagt om. Løypene går grendeimellom, og det leggjast ikkje til rette for nye snøskuterløyper i høgfjellet over tregrensa. Desse føringane blei vedtekne av plan- og miljøutvalet 13. mai 2015.

Alle grunneigarar som får løypenet til fritidskjøring over sin eigedom har signert nye avtaler med kommunen.

I arbeidet med sti -og løypeplan er det teke omsyn til tilhøvet mellom skiløypene og løypenet til fritidskjøring med snøskuter, men løypene er ikkje del av denne planen, men visa på karta. I nokre korte strekk går løypene parallelt.

## 5.9 Nærings- og reiseliv

### Frå kommuneplanens samfunnsdel:

Vinje er ein leiande turistkommune som brukar naturressursane og kulturarven til å auke verdiskapinga innan reiseliv og besøksnæring

Rauland og Vågsli er satsingsområde for reiseliv. Med satsingsområde meiner me tett hytteutbygging, tilkopling til kommunal infrastruktur og høg tilrettelegging av fellesgodar som løypenett og andre kvalitetar som gjer satsingsområdet til ein attraktiv destinasjon.

Reiselivet er en viktig næring i Vinje kommune. I kommuneplanen for Vinje er det uttalt at ein skal arbeide for å styrke og utvikle næringar innanfor dei områda ein har naturlege føresetnader for å lykkast med, m.a. reiselivet. I tillegg til å styrke vinter tilbodet, er det sentralt for næringa å auke belegget i skuldersesongar. For å bli meir attraktive i desse periodane er produktutvikling og tilrettelegging av sommarstiar og sykkelløyper sentralt. Sti- og løypeplanen må sjåast i samanheng med Næringsplan for Vinje kommune.

## 5.10 Avtaler

### 5.10.1 Grunneigaravtaler

#### Frå kommuneplanans samfunnsdel:

Me sikrar og legg til rette for stiar, løyper og tilkomst til viktige friluftsområde gjennom samarbeid med grunneigarar og organisasjonar

Grunneigarar har full disposisjonsrett over eigen grunn, og er sentrale medspelarar i arbeidet med eit godt tur- og skiløypenett. I mange kommunar er det avtaler mellom grunneigarar og kommunen.

I Vinje har nokon av idrottslaget eittårige avtaler med fleire grunneigarar i mange av dei eksisterande sommar- og vinterløypene. Vi meiner det er nødvendig å ha avtaler med grunneigarar, så lenge ein oppnår det ein ynskjer: Tilrettelegging som tek omsyn til ålmenta sine behov, samtidig som tilrettelegging i minst mogleg grad hindrar eller avgrensar grunneigar si næringsutøving eller andre rettar.

Der avtalar manglar, kan det gjerast eit arbeidd i samarbeid med lag og organisasjonar. Det er laga forslag til Avtale om bruk av utmark i Vinje kommune.

Avtalane tek føre seg tilretteleggar sine rettar og plikter, samt ansvar. Mellom anna skal gode ordningar for drift og opprydding av løypenettet vektleggast.

## 5.10.2 Utbyggingsavtaler

Kommunen skal inngå utbyggingsavtalar med grunneigarar og/ eller utbyggjarar som fremmar reguleringsplan eller bebyggelsesplan for utbygging. Slike planar er verkemiddel for å sikre gjennomføring av utbyggingar i tråd med måla i kommuneplanen. Avtalar skal gjensidig forplikte partane med omsyn til kvalitet på bygg, utomhusareal, infrastruktur, fellesområde og fellestiltak – her og stiar og løyper.

## 6 RUTINAR/PRINSIPP

---

- Før arbeidet med nye tiltak omfatta av planen setjast i verk skal det gjennomførast synfaring med grunneigar og avtale med grunneigar vere på plass.
- Alle nye trasear skal konsekvensutgreias etter Naturmangfoldlova.
- I viktige beiteområder skal føringane i Beitebruksplan leggast til grunn og det skal informerast om bandtvang i beiteområde.
- Behovet for kanalisering av ferdslle er viktig i eller i nærleiken av villreinens leveområde jf. retningslinene i Heiplanen og Regional plan for Hardangervidda og Villreinnemndene skal uttale seg ved etablering av nye trasear.
- Stiar som går inn i villreinens leveområder, skal ikkje merkas, men kommunen kan gjere ei vurdering. Vinje kommune følgjer prosjektet i Bykle kommune knytt til adaptiv løypeforvaltning for å sjå om det er moglegheiter for å leggje løyper i visse område.
- Kommunen kan stenge eller stanse oppkjøring av løyper dersom det er fare for konflikt med villrein. Det skal utarbeidast varslingsrutinar villrein.
- Nye stiar, skiløyper og sykkelruter skal, så langt råd, leggast i tilknyting til t.d. hyttefelt, bustadfelt eller skianlegga.
- Nye stiar, skiløyper og sykkelruter skal så langt råd leggast på land og med trygge kryssingar over bekker.
- Alle nye trasear skal vurderast i høve til avstand til vatn, ras og skred.
- Der opparbeiding av stiar og løyper krev vesentlege terrenginngrep, må tiltaket høyast hjå Telemark fylkeskommune for avklaring etter kulturminnelova **før** eventuell byggeløyve kan gjevast.

## 7 LØYPETYPER , VIKTIG INFRASTRUKTUR OG VEDLIKEHALD

### 7.1 Sti og løypeptypar

#### 7.1.1 God planlegging

---


*Alle typar tilrettelegging av turstiar, som fjerning av vegetasjon og steinar, bygging av kloppar og gjerdekklyve, merking og skilting krev grunneiars tilatelse og skal samordnast med kommunen. I verneområda krev nye stiar og merking av eksisterande tilatelse frå vernemyndighetene.*

---

For at ein skal kunne søkje midlar til stiar, skiløyper og sykkeltrasear, må avtalene som gjerast med grunneigarane stette dei krava som gjeld for midlane. Dette kan variere, men det er vanleg med 10 –30 års varigheit.

#### 7.1.2 Døme på stiar, løyper og sykkelruter i kart

Blå = skiløype, raud heiltrucken = sti med grunneigar -og vedlikehaldsavtale, raud stipla= sti utan avtale, grøn =sykkelrute (når dette kjem på plass)



## 7.2 Store skiløyper

Trasear for turgåare på ski som er rydda, merkt og gjort gjort framkommeleg for skiløyparar og for løypemaskiner og naudsynt vedlikehaldsutstyr. Dei har eit jevnt toppdekke og er normalt grøfta / har stikkrenner.

Solid og godt drenert underbygging. Ikkje nødvendigvis tilrettelagt for trening eller konkurranse.

Ei stikka skiløype er ei løype som ikkje er kjørt opp med maskiner/scooter. I Vinje gjeld dette DNT`s løopenett inn i nasjonalparken. Desse er ikkje merka i kartet.

I kart visast skiløyper som får tilskott, hovudløopenettet i dag, med heiltrukken, blå line.

***Det er ynskjeleg å***

- Oppretthalde dei løypene- og standarden vi har i dag

***Det er ikkje ynskeleg med***

- Løyper som går inn i vinterbeite- og kalvingsområde til villrein eller som berører/ forstyrrer andre sårbare arter/natur.

## 7.3 Løyper til spesielle arrangement vinter

Grendelåmi, Haukelirennet, Helterennet og Raulandslåmi er løpetrasear som køyrast opp til ei viss tid.

Haukelirennet og Grendelåmi går i sårbar høgfjellsområde og har difor strenge reglar for køyring. Dei kan køyrast opp inntil 5 dagar før og merking skal takast ned seinast 3 dager etter gjennoført renn.

## 7.4 Hundekøyringsløyper

Det er eit aktivt miljø for hundekjøring i Vinje no. Etablerte hundeløyper har i hovudsak følgt oppkøyrd skuterløyper som nyttast til transport. Den aukande interessa gjer at det er ynskjeleg med godkjente hundekøyrings- løyper.

Ein trekkhundklubb defineras som idrottsslag. Etter forskrift for bruk av motorkjøretøy i utmark og på islagte vassdrag § 3 e) kan ein klubb nytte motorkøyretøy på vinterføre til opparbeiding og preparering av løyper for hundespann.

**Det er ynskjeleg med**

- Godkjende hundeløyper som holdas nede i dalbotn
- Separate hundeløyper som unngår konflikt med skiløyper

**Det er ikke ynskjeleg med**

- Etablering av hundekyøringssløyper i vinterbeite- og kalvings områder til villrein.

## 7.5 Vinterleikområder

Avgrensa områder der det kan leggast til rette for leik for barn og unge vinterstid.

## 7.6 Stiar

**Turstiar** er trasear primært for ferdsel til fots, men og til hest. Traseen er rydda, kan vere merkt og med ein begrenset grad av opparbeiding. Turstien er som oftast knytt til natur -og friluftsområder og framkomst, i høve til en vanleg sti, forbedra ved å leide bort overvatn, byggje klopper/ mindre bruver og kavler.

Normalt ingen belysning.

I kart visast stiar der det er grunneigar -og vedlikeheldsavtale og som er merkte med heiltruckten rød line. Det det ikkje er vedlikehaldsavtaler er lina stipla.

DNTs sommarruter er stipla, raud line.

**Det er ynskjeleg med**

- Vedlikehald av skilta og merkte stiar.
- Vedlikehaldsavtaler og skilting på fleire gamle stiar
- Nye stiar i tilknyting til befolkning, helst i form av rundløyper.
- Universelt utforma turstiar i bygdenære område.

**Det er ikkje ynskjeleg med**

- Nye merkte stiar som kan koma i konflikt med viktige naturtyper eller sårbare eller truga artar.

## 7.8 Turmål

Turmål defineras her som nærmiljøområder som tillatats tilrettelagt med permanent bålpass, lavvo, gapahuk, toaletter etc.

## 7.9 Sykkelruter

I høyringa kom det inn fleire motforestilligar og tankar om korleis ein bør arbeide med dette. I tiltaksplanen blir det difor lagt opp til å etablere eit eige sykkeltiltak, slik at ein kan ha ein grundig gjennomgang av kor og korleis dette skal organiserast.

Sykkelrutene skal i all hovudsak gå langs eksisterande vegar eller anleggsvegar der det er mogeleg. Med gode grunneigaravtaler vil det vere mogeleg å få til samanbinding av ulike vegar ved bruk av gode stiar.

I denne planen er det ikkje lagt inn sykkelstiar, når dette er avklart blir desse visa med heiltruckten grøn line.

### ***Det er ynskjeleg med***

*Merking av vegar som egner seg for sykling, spesielt lite trafikkerte veigar og stiar som og byr på naturopplevelingar.*

### ***Det er ikkje ynskjeleg med***

*Nye sykkelvgar der sykling kan skade terrenget, spesielt i fjellet der det tek lang tid for vegetasjonen å gro tilbake.*

Frå TelemarksHelten – Helterittet



Foto: Telemarkshelten

Sykling er trekt fram som ein viktig aktivitet for å auke attraktiviteten som reisemål sommar og haust. Friluftslova gjev lov til sykling på stiar og vegar med føresetnad om at dette skjer med varsemd og tek omsyn til eigars innretningar. Sykling utanfor stiar og vegar er lov på fjellet.

Det er vanleg å dele sykling inn i tre kategoriar; tursykling, terrengsykling og utforsykling. Tursykling er familievennleg, og skjer etter vegar og grusa stiar.

Det er ikkje lagt inn løyper for utforsykling og terrengsykling i planen, men det kan vere aktuelt på sikt, dersom reiselivet eller andre aktørar ynskjer utvikling av eit tilbod innanfor dette segmentet i samband med t.d. skiheisanlegga.

Det er viktig at syklistar brukar varsemd og tek omsyn til turgåarar. Dersom ein etterkvart ser at sykkelfaktiviteten aukar mykje, må ein vurdere kanalisering til eigne trasear.

## 7.10 Riding og køyring med hest

Friluftslova heimlar riding etter stiar og vegar i utmark, medan det er lov å ri på fjellet. Køyring med hest skal gå føre etter offentlege vegar eller der grunneigar gjev lov til dette.



Foto: Rauland Turist

Riding er eit viktig aktivitetstilbod for ein fjelldestinasjon, men kan somme tider kome i konflikt med andre brukargrupper. Det bør vurderast om riding skal kanaliserast til eigne trasear, der eventuelle konfliktar og terrengslitasje kan minimaliserast.

Denne planen omfattar ikkje tilrettelegging og informasjon knytt til bruk av hest. Ein

oppmodar næringsaktørar og rideklubar til å samarbeide med aktuelle grunneigarar dersom det skal gjerast noko med tilrettelegging innan dette området.

***Det er ynskjeleg med***

- Merking av vegar/stiar som egnar seg for riding.

## 7.11 Viktig infrastruktur

### 7.1.1 Trafikksikre løysingar

Det er viktig med trafikktrygge løysingar i samband med løypene, både med tanke på kryssingar og tilgjenge til løopenettet.

### 7.11.2 Gode parkeringstilhøve

Ein må sikre tilfredsstillande parkeringsmogleheter ved naturlege utgangspunkt. Ein kan i stor grad nyte eksisterande parkeringsplassar både sommar og vinter. Men fleire område manglar tilfredsstillande parkeringstilhøve.

### 7.11.3 Søppelhandtering og toalett

Naturen skal forvaltast med respekt, og betre løysingar for drift og rydding av løopenett skal bidra til fornuftig bruk og mindre forsøpling. Dette krev systematisk oppfølging og at ansvar for oppgåvane er avklart.

Det vil og vere viktig med regelmessig ryddingsarbeid, og at merking og skilting blir halde ved like. Det er laga forslag til grunneigaravtaler som bidreg til å avklare ansvarstilhøva.

## 7.12 Vedlikehald

Naturen skal forvaltast med respekt, og betre løysingar for drift og rydding av løopenett skal bidra til fornuftig bruk og mindre forsøpling. Dette krev systematisk oppfølging og at ansvar for oppgåvane er avklart.

Det vil og vere viktig med regelmessig ryddingsarbeid, og at merking og skilting blir halde ved like. Det er laga forslag til grunneigaravtaler som bidreg til å avklare ansvarstilhøva.

## 8 BRUK OG RULLERING AV RULLERING AV PLANEN

---

Temakartet vil bli oppdatert fortløpende etter kvart som kommunen får inn melding eller handsamar saker om nye stiar, skiløyper, sykkelruter. Tiltakshavar sender inn GPX fil fra opp gjenge sti/løype/sykkeltrase med GPS som administrasjonen vil legge inn i temakartet.

Planen er dynamisk, dvs. at der er mogleg å gjøre endringar i prioriteringar av tiltak eller vurdere mindre, nye tiltak. Prioritering av tiltak gjerast kvart år i samband med budsjettetahandsaminga.

Planen skal likevel ha ei hovudrullering i kvar kommunestyreperiode og jf. planprogrammet, fyrste gong i perioden 2019- 2023.

## 9 VEDTAK I KOMMUNESTYRET 18.01.18, SAK 18/2

---

1. Kommunedelplan for stiar –og løyper 2017-2027 blir vedteke slik den ligg føre, med forslag til tiltak med desse endringane
  - Under avsnittet «Føringar til planen, villrein, forslag til tiltak» - andre pilpunkt blir tatt ut
  - Under avsnittet «Viktig infrastruktur» - Stipla løype frå Kromvikvegen til Numedalsvega blir tatt ut av kartet.
  - Sti og tiltak knytt til Te-hytta går ut av planen.
2. Ved rullering av kommuneplanens arealdel og andre kommunedelplanar og reguleringsplanar skal føringane i Sti –og løypeplanen leggjast til grunn.
3. Retningsliner for Kommunedelplan for stiar –og løyper 2017-2027 blir vedteke slik den ligg føre.
4. Der det er mogeleg, skal tiltak innarbeidast i andre aktuelle planar så som Næringsplan, Kulturminneplan, Beitebruksplan, Landbruksplan, Plan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv osb.
5. Alle tiltak som krev større, kommunal investering, skal innarbeidast i investeringsbudsjettet.

## 10 TILTAK VEDTEKE I KOMMUNESTYRET 18.01.18, SAK 18/2

---

### Plankartet

- Kommunen skal vurdere innkomne og ev godkjenne forlag til nye stiar, løyper og sykkeltrasear etter retningslinene etter vedtak og prioritere tiltak. Oppdatere plankart fortløpande.
- Stimulere friviljuge lag og organisasjonar til å ta på seg ansvar for arbeid med etablerte og nye stiar, løyper og sykkeltrasear, etablere «fadderordning» og gje hjelp med søknadsarbeid,
- Alle tiltak som krev store, kommunal investering skal innarbeidast i investeringsbudsjettet

## Planen

- *Ved rullering av kommuneplanens arealdel og andre kommuneplanar og reguleringsplanar skal føringane i Sti –og løypeplanen leggast til grunn.*

## Landbruk og beite

- *Område definert som viktige beiteområde skal i all hovudsak ikke ha nye, merka tursirar.*
- *Vi skal etablere samarbeid mellom kommune, turistnæringa og landbruksorganisasjonane for å få på plass god informasjon om beite og bandtvangsreglar ved innfallsportane.*

## Villrein

- *Det skal ikkje etablerast nye turstiar eller skiløyper inn i villreinens leveområde.*
- *Vinje kommune følgjer Bykle kommunes prosjekt knytt til adaptiv forvaltning/bruk av høgfjellsloyper på villreines premisser.*
- *Det etablerast varslingsrutinar kommune/SNO i viktige område for villreinen.*

## Natur og miljø

- *Det etablerast samarbeide med SNO ved skilting/merking i naturvernområde.*

## Kulturminne og kulturlandskap

- *Vi skal nytte kunnskapen som blir tilgjengeleg i kulturminneplanen knytt til kulturminne som kan visast fram, til å forsterke turopplewinga med t.d. skilting til det ein kan sjå på turen.*

## Helsefremjing

- *Vi skal hjelpe lag og organisasjonar med god planlegging og informasjon om t.d. tilskottssordningar, som bidreg god folkehelse.*

## Universell utforming

- *Det skal utarbeidst detaljplan for universelt utforma sti til Ormetjønn og der ein avklarar mogeleg ekstern finansiering –det skal ligge føre eigen sak med finansieringsplan før oppstart av tiltak.*
- *Det skal utarbeidast detaljplane for utviding av universell turveg på Edland – langs åi mot Hovdenkrysset - der ein avklarar mogeleg ekstern finansiering–det skal ligge føre eigen sak med finansieringsplan før oppstart av tiltak.*

## Grunneigaravtaler

- *Retningsliner for stiar og løyper og mal for grunneigaravtale skal vere lett tilgjengeleg for publikum*
- *Før nye tiltak setjast i verk, skal det gjennomførst synfaring med grunneigar og grunneigaravtale vere på plass.*

## Kompensasjon for bruk av areal

- *Det skal gjennomførast ei undersøking av kva praksis som gjeld i kommunar som har ordning med kompensasjon for bruk av areal og leggast fram som politisk sak.*

## Utbyggingsavtaler

- *Sti –og løypetrasear skal innarbeidast i kommunedelplanar, område -og reguleringsplanar for å sikre at god infrastruktur blir halde ved like. Iframtidige kommunedelplanar og reguleringsplanar skal dette vere retningsgivande.*

## Prioriterte skiløyper

- *Tilskott til prioriterte løyper må vere eit framtidig tiltak.*

## Løyper ved spesielle arrangement vinter

- *Grendelåmi, Haukelirennet, Helterennet og Raulandslåmi kan køyrast opp slik retningslinene seier. Arrangørane kan søkje om køyreløyve for 4 år av gangen. Kommunen syter for køyresetel til arrangørane.*

## Hundekøyringsløyper

- *Vi skal oppmøde lag og organisasjonar til å ta kontakt med grunneigarar for etablering viss det er ynskjeleg/behov.*
- *Det skal ikkje etablerast hundekøyringsløyper i vinterbeite- og kalvings områder til villrein.*

## Vinterleikområde

- *Det kan etablerast vinterleikområde, men ikkje i vinterbeite- og kalvings områder til villrein.*

## Turmål

- *Det kan etablerast turmål, men ikkje i vinterbeite- og kalvings områder til villrein eller i viktige beiteområde.*

## Sykkel

- *Det skal etablerast eit eige sykkelprosjekt, der ein ser kommunen og nabokommunen heilsakleg i høve til sykkeltrasear. Prosjektet skal involvere grunneigarane. I prosjektet skal ein avklare kommunens haldning til sykling i utmark.*

## Riding og køyring med hest

- *Vi skal oppmøde lag og organisasjonar til å ta kontakt med grunneigarar for etablering av eigne trasear der det er formålstenleg.*

## Vassaktivitet

- *Kommunen skal etter avtale med grunneigarar, avklare kva område som kan egne seg for vassaktivitet og merke dette i kart.*

## Snøskuterløyper og skiløyper

- *Vinje kommune skal halde fram med det gode samarbeidet med skuterklubbane for å førebyggje konfliktar mellom løypenetta.*

## Trafikksikre løysingar

- *Så langt rå, skal de preparerte skiløypene ha veglause kryssingar, t.d. ved bruk av overgang/undergang for dei store skiløypene.*
- *Skiløyper skal så langt rå ikkje kørast over vassdrag.*
- *Nye reguleringsplanar som berører sti –og løypeinfrastruktur, skal ha alternative, veglause løysingar eventuelt vise omlegging.*

## Gode parkeringstilhøve

- *Vi skal avklare kostnader knytt til utfartsparkeringar, men prioriteringar må skje ved handsaming i samband med budsjettarbeid:*
  - *Ny parkering/oppgang til Vehuskerings frå Vehus*
  - *Ny parkering og avklare ny oppgang/sti til Bossnuten*
  - *Vurdere utfartsparkering innom kommunedelplan Vågslid (Botn, Arbuollen, Flåmyrane)*

## Skilting

- *Kommunen skal gje rettleiing til søknadsarbeid for å få midlar til skilting.*

## Søppelhandtering og toalett

- *Toalett og søppelstativ ved oppgangen til Falkeriset*
- *Toalett og søppelstativ ved oppgangen til Vehuskjerings dersom det blir etablert ny parkering*
- *Toalett og søppelstativ ved oppgangen til Bosnuten dersom det blir etablert ny parkering*

- *Vi skal etablere rutinar og ansvarstilhøve knytt til handtering av søppel og toalett som vil vere ei offentleg oppgåve.*

## Vedlikehald

- *Det skal stå klårt i avtala om bruk kven som har ansvar for vedlikehald.*